

Emnenr. 8

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Leikanger (Sogn)

Emne: Beit og Brom

Bygdelag: Fresvik (anneks)

Oppskr. av: N.J.Vangsnes

Gard: Byggjartun

(adresse): Fresvik

G.nr. 36 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. - Det heiter "ris" og "beit"
- alm , ~~xxxjxxx~~ selja , fura -
2. "å risa"
3. Ein tek stundom heim heile treet og let geitene få gå ut av og til om vinteren for å gnaga ~~xxx~~ av bork og kvist , både for for og for at beisti skal trivast betre) (trekka frisk luft).
Om våren risar ein for å dryga foret .
4. Reidskapen heiter "snel"
5. Dyri får foret både i blanding med anna for og utan å verta blanda .
Brukast til både storfe og småfe , også hestar .
Ein hakkar foret .
6. Det heiter "beitakoste" (uttal -beitakåste)
Ein legg det i haug ved loda eller i nerleiken på høvande stad , og stundom slepp ein beisti buitt for å gnaga og stundom ikkje .
Ein kan ikkje sleppa beisti ut på sjølvstyr der ein har frukthage i nerleiken , for ellers vert den gnagen .
7. Nei

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN